

Velkommen til Voss vidaregåande skule Skuleåret 2024/25



Velkommen til Voss vidaregåande skule

Skulestart for alle elevar er torsdag 15. august

Frammøte i Voss vgs sin idrettshall

kl. 09:00 for Vg1

kl. 10.30 for Vg2 og Vg3

Som ein regionskule med eit breitt fagtilbod, er Voss vidaregåande skule ein utdanningsinstitusjon som har mykje å tilby lærevillige elevar. Me tilbyr både yrkes- og studiespesialisierende fag, arbeidstrening og ikkje minst har me eit velutvikla internasjonalt samarbeid med fleire skular og arbeidsplassar i heile Europa.

Me er opptekne av å gi alle elevar ei så god og framtidsretta utdanning som mogleg. For å få dette til er det viktig at læremiddel, utstyr og undervisningsarenaer er moderne og stimulerer den enkelte elev til læring.

Som elev ved Voss vidaregåande skule vil du vera ein del av vårt faglege og sosiale miljø der du får utvikla kompetanse og kunnskap innan det fagfeltet du interesserer deg for.

Voss vgs er ein av dei største yrkesfaglege skulane i indre Vestland og tilbyr i alt fem av dei åtte yrkesfaglege utdanningsprogramma. Skulen har omlag 400 elevar. Forutan dei yrkesfaglege utdanningane, tilbyr me også studieførebuande utdanning der elevane kan få både generell og spesiell studiekompetanse.

Voss vgs er skulen som gjer deg klar til næringsliv og høgare utdanning!

Med utgangspunkt i visjonen til skulen – *attraktiv og framtidsretta* – legg me sterkt fokus på at både læringsmiljøet og det sosiale miljøet ved skulen er særst godt tilpassa alle våre elevar. Ikkje minst arbeider me med at all undervisning i alle fag, både teori og praksis, har høg kvalitet og er så framtidsretta at elevane våre skal vera klare til å møte arbeidslivet sine behov for framtidig kompetanse.

Voss vgs tek mål av seg å vera eit 'akademi for kloke hender og kreative hjernar'. Me ynskjer å vera med på å utdanna morgondagens beste fagarbeidarar, og ikkje minst sikra oss at elevane fullfører og består med brei kompetanse for både arbeidsliv og vidare studiar.

Eg ynskjer deg velkommen som elev ved Voss vidaregåande skule!

Med venleg helsing

Svein Inge Styve

Rektor

Generell info til deg som er ny ved Voss vidaregåande skule:

- **INTERNAT**

Dei to skulane på Voss har eit eige internat, Rogne Internat, der elevar som ikkje har heime-adresse på Voss, kan leige hybel.

Info om internattilbodet og søknadsskjema finn du på skulen si heimeside:

<https://www.voss.vgs.no/>

- **KANTINE**

Voss vgs har stor og fin kantine. Her kan alle elevar få gratis frukost og det er også mogleg å kjøpe seg både lunsj og middag i vekedagane (måndag – fredag)

- **SKULESKYSS**

Nye skysskort i år. Alle som har rett til ordinær dagleg skuleskyss til og frå skulen (6 km eller meir) må søkje sjølve: <https://www.skyss.no/reise/skoleskyss/>

- Dei som ikkje har rett på skuleskyss kan kjøpe seg ungdomsbillett. Denne kan nyttast på buss, lokaltog, bybane og ferjer. Meir info på: [Kom deg rundt med ungdomsbillett \(skyss.no\)](#)

- **GARDEROBE/BOKSKAP**

Alle elevar får tildelt kvar sitt bokskap og kvar sitt garderobeskap. Til desse skapa må du ha me deg eigen hengelås

- **ELEV PC**

Alle elevar i vidaregåande skule må ha eigen PC. Du kan få rimelegare PC gjennom Vestland fylkeskommune når du skal kjøpe datamaskin. Meir info finn du på denne sida:

<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/elevpc/>

- **STIPEND / UTSTYRSSTIPEND**

Som elev i vidaregåande skule har du rett til stipend. Mellom anna har alle elevar rett til utstyrsstipend. Dette stipendet skal særleg gå til å kjøpa pålagt personleg verneutstyr og anna utstyr som er nødvendig i opplæringa. Informasjon om dette finn du her:

<https://ny.lanekassen.no/nb-NO/stipend-og-lan/norge/videregaende-skole/>

Alle lærebøker som vert nytta i undervisninga, får du låna ved biblioteket på skulen. For å få låne bøker må du signere elektronisk lånekontrakt. Denne finn du under punktet

Skule/Elev i denne lenka:

<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/skjema/>

- **HELSETENESTE**

Skulen har eiga helseteneste og psykolog med kontor på skulen

- **SKULERUTE**

Info om skuleruta finn du på skulen si heimeside: <https://www.voss.vgs.no/>

- **SKULEREGLAR**

Felles skulereglar finn du på VLFK sine sider:

https://www.vestlandfylke.no/globalassets/utdanning-og-karriere/lover-reglar-rettleiingar/forskrift-om-skulereglar-i-vestland-fylkeskommune--18.-juni-24_.pdf

Meir informasjon finn du på skulen si heimeside <https://www.voss.vgs.no/>

Ta kontakt med skulen på e-post eller telefon dersom det er noko du lurar på!